Bømlo kommune

Saksmappe: 2021/4619 - 26026/2025
Saksbehandlar: Rakel Friis
Dato: 15.01.2026

Saksutgreiing

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
3/26	Utval for areal og samferdsel	28.01.2026

Revidert behandling av reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg Planid 201705

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at planforslaget vert sendt tilbake for å gjennomføra utbetringar basert på saksframlegget.

Saksprotokoll i Utval for areal og samferdsel - 28.01.2026

1)

Innstilling:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren rår til at planforslaget vert sendt tilbake for å gjennomføra utbetringar basert på saksframlegget.

Dette ble satt opp mot:

2)

Christer Agasøster (Høyre) fremmet følgende forslag:

Bømlo kommune vedtek at revidert framlegg til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg, PlanID 201705 vert sendt på avgrensa høyring jf. plan – og bygningslova §§12-10 og 12-11.

For forslag 2 stemte 9: Tove Lise Andreassen Aasheim (AP), Trygve Søvold (Frp), Anders Engevik (H), Christer Agasøster (H), Signe Lund Jansen (H), Karsten Fylkesnes (KrF), Randi Karin Habbestad (Sp), Inge Selle (ViPartiet), Sander Grindheim (ViPartiet).
Dermed ble forslag 2 vedtatt.

Vedtak:

Utval for areal og samferdsel gjorde slikt **vedtak:**

Bømlo kommune vedtek at revidert framlegg til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg, PlanID 201705 vert sendt på avgrensa høyring jf. plan – og bygningslova §§12-10 og 12-11.

Samandrag av saka:

Saka gjeld revidert framlegg til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. i Alvsvåg, PlanID 201705. Føremålet med planen er å leggje til rette for bygging av inntil 13 naust med tilhøyrande trafikkareal, parkeringsplassar og småbåtanlegg. Planområdet omfattar ca. 7 daa inkludert sjøareal og ligg langs Alvsvågsvegen.

Planarbeidet starta i 2017 og har vore gjennom fleire revisjonar etter motsegn frå Statsforvaltaren, som har peikt på omsynet til strandsone, landskapstilpassing og omfang av inngrep i sjø. Etter mekling i 2021 og vidare dialog, vart motsegna trekt i april 2025 etter at planen vart justert med meir blågrønnstruktur, gruppering av naust og avgrensa tiltak i sjø.

Planen er oppdatert etter høyringa i 2018, men kommunen meiner det er behov for ytterlegare utbetringar før ny høyring. Kommunedirektøren tilrår difor at planforslaget vert sendt tilbake til forslagsstillar for ytterlegare bearbeiding.

Bakgrunn for saka:

Oppstartsmøte for planarbeidet vart halde 27. april 2017, og Utval for Areal og Samferdsle vedtok oppstart i møte 7. juni same år. Oppstartsmelding vart kunngjort i *Bømlo-nytt* 5. juli 2017, medan varslingsbrev vart sendt til berørte partar, offentlege myndigheiter og relevante organisasjonar 19. juni. Høyringsfristen vart sett til seks veker, men blei forlenga grunna sommarferien. Endeleg frist vart fastsett til 14. august 2017.

Planforslaget vart deretter 1. gongsbehandla av politisk utval den 06.06.2018 og lagt ut til offentleg ettersyn i seks veker. I denne perioden kom det motsegn frå Fylkesmannen i Vestland (no Statsforvaltaren) i brev datert 11. oktober 2018, etter dialogmøte med Bømlo kommune. Motsegna var grunna statlege føringar for forvaltning av strandsona, jf. plan- og bygningslova § 1-8. Det vart sendt inn forslag til revisjon av planen, og Fylkesmannen vart bedt om å trekkje motsegna. I brev datert 4. mai 2019 og 8. juni 2020 oppretthaldt Fylkesmannen motsegna med same grunnlag. Mekling vart gjennomført 30. september 2021.

I 2025 vart nytt planforslag sendt til kommunen som grunnlag for ny dialog med Statsforvaltaren. Etter gjennomgang av endringane og det reviderte planforslaget konkluderte Statsforvaltaren i brev datert 22. april 2025 med at det reviderte planforslaget er i samsvar med meklingsresultatet, jf. brev av 8. desember 2021.

Saksutgreiing:

Planforslaget

Forslag til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg PlanID 201705 er motteke frå ABO Plan & Arkitektur AS på vegne av forslagstillar Lars Mæland.

Planforslaget som skal behandlast består av


- Plankart, datert 01.10.25
- Føresegner, datert 10.10.25
- Planomtale, datert 22.12.25

Føremålet med reguleringa

Føremålet med planen er å planleggja for bygging av inntil 13 nye naust. I planområdet er det i dag berre flytebrygger, og området har vore brukt til båtplassar. Innanfor planområdet vert det tilrettelagt for naudsynt trafikkareal, parkeringsplassar og flytebrygger i sjø. Område har tilkomst frå kommunalveg Alvsvågvegn, som igjen er kopla på fv. 5012 Giljevegen.

Forhold til overordna plan

I kommuneplanen er areala sett av til naust, spreidd bustadbebygging, LNF og bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone. Området er ikkje tidlegare regulert og grensar ikkje til andre reguleringsplanar.



Figur 1 - Utsnitt frå kommunekart

Innholdet i planen

Planområdet ligg langs Alvsvågvegen i sjøområdet inst i Alvsvågen kalla Pøylo. Planområdet utgjer ca. 7 daa inkludert sjøareal og omfattar eigedomane gnr 110, bnr 7, 94, 170, 225, 247 256 og 329. I tillegg kjem tilførselsveg med tilhøyrande siktsoner, på delar av gnr110/296, kommunal veg, Alvsvågsvegen, eigd av Bømlo kommune.



Figur 2 - Lokalisering av planområde

Byggjeplanane

Naust, småbåtanlegg og småbåtanlegg i sjø med tilhøyrande strandsone

Planforslaget opnar for oppføring av 13 naust innanfor områda BUN 1–6. Bygningane skal utformast i tråd med retningslinjene for naust i kommuneplanen: inntil 40 m² BRA, mønehøgd maks 5 m, takvinkel 40–45°, og høve til våtrom på inntil 4 m².

Det kan etablerast brygge/kai som fundament for nye naust innanfor området. Bryggefront skal vere i naturstein eller kledd med treverk, og vere av same utforming/ materiale innanfor same naustdelområde. Brygge/kai skal fortrinnsvis etablerast på pelar, og skal etablerast utan store, irreversible terrenginngrep.

Der det er grunne djupneforhold kan kai/brygge etablerast på fylling inntil mur for fundament til naust. Det skal ikkje fyllast ut i sjø framom kaianlegget.

Området BSB 1-6 kan nyttast til båtfeste og flytebrygger for småbåtar. Innafor føremålet BSB 1-2 og 4-6 er kan det etablerast 1 felles flytebrygge for tilhøyrande naust. Innanfor føremålet BSB 3 kan det etablerast 2 flytebrygger. Flytebryggja skal ha maks storleik på inntil 15 m² der maks breidde skal vera 2,5 m pluss landgang. Tiltaka skal ikkje hindre fri sjøverts ferdsel. Innanfor SMS kan det etablerast båtopptrekk.

Veg, trafikk og parkering

Tilkomsten til planområde skjer via Alvsvågsvegen. Alvsvågvegen er ein kommunal veg med fast dekke, fartsgrense 50 km/t og etablert fartsdemping. Det er ikkje gang-/sykkelveg.

På andre sida av Alvsvågvegen er det regulert inn felles parkeringsareal med minst 13 plassar, éin per naust i tråd med Vegvesenet sine standardmål (2,5 x 5 meter). Parkeringsplassen skal også kunne nyttast til sykkelparkering for brukarar av badeplassen ved Alvsvågsvatnet.


Grøntstruktur

Området bak nausta er regulert til blågrønnstruktur, det blir òg lagt inn grøne korridorar frå vegen ned til sjøen i nord og sør. Det kan ikkje førast opp bygg eller konstruksjonar som er til hinder for å nytta områda som friluftsområde. Områda skal vere ålment tilgjengelege. Det kan godkjennast enkle trapper og konstruksjonar i områda for å gje tilkomst til naust og/eller båtplassar. Trappene skal vere reversible tiltak. Ein mellombels anleggsveg vert tillate i byggefasen, og skal etterpå opparbeidast som turveg. Det er også tillate å legge tekniske grøfter i området.

Merknadar

Planforslaget var på høyring i perioden 20.06.2018–28.08.2018, med utvida frist til 11.10.2018. Det kom inn totalt ti merknader, inkludert ei motsegn frå Statsforvaltaren, som vart fremja 11.10.2018. I forkant av dette vart det gjennomført eit dialogmøte mellom Bømlo kommune og Statsforvaltaren den 25.09.2018, der grunnlaget for ei eventuell motsegn vart drøfta. Merknadsskjema med kommentar frå konsulent ligg ved som vedlegg i saka. Bømlo kommune sine vurderingar av merknadane er gjort i samband med vurdering av planforslaget under vurdering lengre nede i saksframlegget.

Prosess rundt motsegn




Figur 3 - Plankartet som var på høyring og offentleg ettersyn

Bømlo kommune hadde dialogmøte med Statsforvaltaren den 25.09.2018, der det blei signalisert at planforslaget kunne gi grunnlag for motsegn (sjå figur 3 ovanfor). Til trass for dialogen blei det fremja motsegn 11.10.2018. For å imøtekomme innvendingane har forslagstillar sidan revidert planen tre gonger.

Første revisjon blei sendt over til Statsforvalteren 23.01.2019 etter at forslagsstillar hadde gjort revideringar. Konsulenten anga følgjande endringar:

- Forslagsstillaren har lagt inn 3 felt med grønstruktur i tillegg til grønstruktur nord i planområdet.

- Oppdatert vurdering I planomtale, samt oppdatert føresegn og vedlegg i saka




Figur 4: Utsnitt av plankart sendt til Statsforvalteren 23.01.2019

Statsforvalteren opprettholdt motsegna i brev datert 04.05.2019, då endringane ikkje imøtekom grunnlag for motsegna i tilstrekkeleg grad (sjå figur 4 ovanfor).

Andre revisjon blei sendt over til Statsforvalteren 03.06.2020 etter at forslagsstillar hadde gjort vidare revideringar.

Forslagstillar anga følgjande endringar som dei mest vesentlege etter førre oversending:

- Vesentleg auke i blågrønnstruktur, no lagt langs heile naustrekkja (i bakkant)
- Gruppert naustbygga for å skapa større, opne rom mellom bygga med allmenn tilgjenge
- Lagt inn byggegrenser for å fastsetja kor bygga skal stå.
- Lagt inn hensynssone for VA-ledningar (BVA sine vassleidningar)
- Oppretthalde framlegg om flytebrygger, men gått ut frå at kvart naust deler ein uteliggar/flytebrygge for å redusera talet flytebrygger i området.



Figur 5 - Utsnitt av plankartet sendt over til Statsforvaltaren 03.06.2020

Statsforvaltaren oppretthaldt motsegna i brev datert 08.06.2020 og bad om ytterlegare endringar i planforslaget. Då det ikkje vart oppnådd semje, foreslo kommunen å be om mekling.

Grunna koronapandemien og ønskje frå Statsforvaltaren om å vurdere planen i samanheng med liknande saker, vart mekling utsett. Mekling blei til slutt gjennomført 30.09.2021.

Meklinga førte ikkje fram. Statsforvaltaren heldt fast på at planen innebar for høg utnytting og for stor utfylling i sjø. Det vart peikt på behov for å redusere talet på naust og småbåtanlegg – eller alternativt redusere storleiken – for å opne for meir grøntstruktur og friområde på land og i sjø. Partane var samde om å vurdere meir konsentrert utbygging og avgrensa inngrep i sjøen, med mål om betre tilgjenge og betre landskapstilpassing.

Statsforvaltaren opplyste at endeleg vurdering av motsegna ville bli gjort når eit revidert planforslag låg føre. Kommunen konkluderte med å arbeide vidare med planen og sende inn nytt forslag.

Tredje reviderte planforslag blei sendt til Statsforvaltaren 08.04.2025, etter at ABO AS hadde teke over arbeidet frå Planlegg Bømlo. Forslagstillar hadde då gjort ytterlegare justeringar i tråd med innspela.

Konsulenten anga følgjande endringar etter førre oversending:

- Naustføremåla er redusert og avgrensa til 2–3 naust i rekke.
- Tal naust og flytebrygger er spesifisert i føresegnene.
- Areala mellom nausta er regulert til blågrønnstruktur, der infrastruktur og allmenn tilkomst til sjø er tillate.
- Tiltak i sjø er avgrensa, og føremål for småbåtanlegg er plassert utanfor naustområda.
- Plankart og føresegner er skjerpa for å prøve å redusere inngrep, som utfylling i sjø.
- Parkeringsføremålet er redusert og tilpassa tal godkjende naust, med krav om 1 plass per naust.



Figur 6: Utsnitt av plankart sendt til Statsforvalteren 08.04.2025

Motsegna frå Statsforvaltaren vart trekt 22.04.2025. Etter trekking av motsegna er det ikkje gjort endringar av plankartet. Plankartet ser no slik ut:



Figur 7 - Plankartet slik det no ligg føre

Vurderingar:

Grunna den lange tidsperioden sidan planforslaget sist var på høyring og offentleg ettersyn i 2018, har det oppstått behov for oppdatering av planmaterialet. Det har gått om lag åtte år sidan sist behandling, og i denne perioden har det skjedd endringar både i lovverk, retningslinjer og faglege føringar for arealplanlegging. For å sikre at planen er i samsvar med gjeldande krav og gir eit godt grunnlag for vidare sakshandsaming, var det nødvendig å revidere og tilpasse planforslaget til dagens rammer før den no blir lagt fram for ei ny avgrensa høyring. Planomtale, føresegner og plankart er såleis revidert og oppdatert etter trekkinga av motsegn frå Statsforvaltaren.

Det er gjort fleire endringar i planforslaget for å imøtekomme motsegna frå Statsforvaltaren, som vart fremja 11.10.2018. Dette er positivt og viser at det har vore i dialog angåande planarbeidet med overordna myndigheiter og har søkt å tilpasse seg gjeldande krav og innspel. Endringane bidreg til å styrke planen på enkelte punkt, men Bømlo kommune ser framleis fleire vesentlege utfordringar knytt til den valde løysinga for utbygging. Desse utfordringane gjeld både tekniske og funksjonelle aspekt, samt forhold som kan påverke naturmiljø, friluftsinteresser og trafikksikkerheit. Det er difor behov for ei grundig vurdering av om planen i sin noverande form er i tråd med intensjonane i kommuneplanen og gjeldande retningslinjer for arealbruk.

Vurdering av planlagt utbygging

Sjølv om planforslaget no er komplett, ser Bømlo kommune klare utfordringar med korleis ein har vald å løyse utbygginga. Område følgjer Alvsvågsvegen på austsida, og skrår bratt ned mot sjø. For å realisere den planlagde utbygging krevst det omfattande utfylling i sjø eller anna form for terrengtilpassing, noko som indikerer at området i utgangspunktet er lite egna for føremålet. Dette strider også med kommuneplanens føresegn 4.4.1 som seier at naust og kai ikkje kan byggast lengre ut enn 3 meter frå kystkonturen. Ei slik fylling i sjø vil og vera utfordrande i forhold til det marine naturmangfalde og lokalstabilitet i sjø. Bømlo kommune vurderer at ein bør sjå på plassering, omfang og utnyttinga av område på nytt.

Vurdering av område i sjø

Planforslaget inneber at flytebrygger delvis blir plassert i område som i kommuneplanen er sett av til føremålet FFNF (fiske, ferdsel, natur og friluftsliv). Dette er ikkje i tråd med gjeldande arealføremål, då FFNF skal sikre allmenne interesser og naturmiljø, og ikkje nyttast til etablering av private konstruksjonar som flytebrygger. Situasjonen er særleg uheldig fordi arealet i sjø, som i utgangspunktet skulle ivareta flytebrygger, no blir nytta til utfylling for å leggje til rette for naustbygging, i staden for å oppretthalde føremålet. Ei slik løysing bryt med intensjonen bak arealføremålet.

Det er kome merknader knytt til vurderinga av fellesanlegg i sjø. Kommunedirektøren vurderer at etablering av eit slikt fellesanlegg vil kome endå lengre inn i føremålet FFNF. Dette vil difor ikkje vere i samsvar med føremålet og kan medføre utfordringar i området, særleg inne i pøyla.

Vurdering av blågrønnstruktur

Planforslaget opnar for etablering av ein mellombels anleggsveg innanfor blågrønnstrukturen, som seinare skal omdisponerast til tursti for ålmenta. I tillegg legg føresegnene til rette for etablering av tekniske anlegg, trapper og konstruksjonar for å sikre tilkomst til naustområdet. Dette inneber at den planlagde blågrønnstrukturen i stor grad vil bli redusert når utbygginga er ferdigstilt, og at området i praksis vil få ein meir teknisk og tilkomstorientert karakter enn det som normalt er føremålet med blågrønnstruktur. Vidare er det ikkje gitt nærare føringar i føresegnene om storleik, plassering eller utforming av den mellombelse anleggsvegen/turstien, noko som skaper uvisse knytt til om løysinga vil vere i tråd med intensjonen om å bevare naturpreg og sikre gode allmenne friluftsinteresser.

Vurdering av parkering

Planforslaget legg opp til at parkering skal etablerast på motsett side av naustområdet, langs ein veg som allereie har kjende utfordringar knytt til trafikktryggleik. Dette inneber at brukarar av nausta må krysse vegen for å kome til området, noko som aukar risikoen for uønskte trafikale situasjonar, særleg i periodar med høg aktivitet. Område framstår derimot som oversiktleg med tanke på siktlinjer, som er positivt. Vidare er den planlagde parkeringsplassen lokalisert i nær tilknyting til ein eksisterande badeplass, som i dag framstår som skjerma og har ein kvalitativt god opplevingsverdi. Etablering av parkering på denne staden vil kunne påverke korleis badeplassen blir opplevd, både visuelt og funksjonelt, og kan redusere kvaliteten på friluftsopplevinga for ålmenta.

I tillegg er parkeringa planlagt på eit område avsett til LNF-spreidd bustadbygging. Etablering av parkering til eit naustområde er ikkje ein form for bruk som arealføremålet opnar opp for. Det er derimot svært viktig at denne typen areal bevarast og blir heldt urørt i så stor grad som mogleg. Det gjeld særleg for dette område gitt verdien som ligg her for ålmenta i form av blant anna badeplass og generell tilgang til sjø.

Basert på vurderingane over meiner kommunedirektøren at alternativ plassering for parkering knytt til nausta bør vurderast, noko som kan gjennomførast dersom saka vert sendt tilbake jf. saksinnstillinga.

Vurdering av behov for massehandteringsplan

Det er ikkje utarbeidd ein massehanderingsplan for planområdet. Med tanke på at planforslaget legg opp til omfattande utfylling i sjø for å realisere naustbygging, er det avgjerande å ha ein plan som viser korleis nødvendige massar skal skaffast og handterast. Ein slik plan bør dokumentere både tilgjengelege massar, transportløysingar og eventuelle miljømessige konsekvensar av uttak og flytting av massar. Manglande massebalanseplan skaper uvisse knytt til gjennomførbarheit, kostnader og miljøpåverknad, og kan medføre risiko for uheldige inngrep i naturmiljøet dersom massar må hentast frå eksterne kjelder utan tilstrekkeleg vurdering. For å sikre ei berekraftig og forsvarleg utbygging bør massebalanseplan utarbeidast før vidare handsaming av planforslaget.

Vurdering av infrastruktur

Planlagt utbygging langs Alvsvågvegen vil ha innverknad for framtidige tiltak for utbetring av vegen. Det er særleg viktig at desse moglegheitane blir ivaretatt i den innleiande delen av vegen, då det ligg heilt i starten av Alvsvågvegen der trafikkbelastninga er størst. Merknadane frå folkehelsekoordinator/barnas representant og Avlsvåg gardslag understreker også behov for å ivareta mjuke trafikkantar langs Alvsvågsvegen.

I merknaden frå Folkeshelsekoordinator/barnas representant står også det at det er positivt at det vert lagt opp til sykkelparkering ved Alvsvågsvatnet, dette er ikkje sikra i føresegnene.

VA-notatet som følgjer VA-planen er ikkje oppdatert i tråd med VA-plan. Dette bør gjerast før ein sender saka på ei ny høyring.

FN sine berekraftsmål:



Økonomiske konsekvensar:

Utbyggingskostnadar vert dekka av utbyggjar, og realisering av planen vil ikkje ha direkte økonomisk konsekvens for Bømlo kommune.

Miljømessige konsekvensar:

Naturmangfald

Innanfor planområdet finst det ingen kjente funn av trua artar eller naturtypar. Det er registrert ein marin naturtype sør for planområdet i 2009, Langøya (bløtbunnsområder i strandsona). Dette er ein større registrering i sjøområda i ytre del av Alvsvågen. På land er det ein naturtype i aust, Meland (Rik kulturlandskapssjø) og ein i nord, Hopatjørn (Strandeng og strandsump). I Pøylo er det registrert observasjonar av artane: tjeld som er kategorisert som Nær trua i rødlista, lomi som er kritisk trua i rødlista, makrellterne som er sterkt trua i rødlista, samt fiskemåke, gråmåke og ærfugl som er sårbar i rødlista.

Anleggsarbeid i form av sprenging, pæling, borring, pigging og steinknusing bør ikkje gjennomførast i hekkeperioden til tjeld, frå april til og med juli. Dette bør sikrast i føresegnene til planen.

Kulturminne

Innanfor planområdet er det ingen kjente registrerte kulturminne. Næraste kulturminne er eit gamalt båtnaust omlag 100 m aust for den nordre delen av planområdet, på andre sida av Pøyla, og kapellet på Fagervoll gravplass, omlag 120 m frå den sørlegaste delen. 10 Dei nærmaste freda kulturminna er 4 gravrøyser på Alvsvågsneset frå bronsealder/jernalder, Allsvåg – Fetts fk 1/1 og 1/2, samt Allsvåg – Fetts fk 2/1 og 2/2 med ID 35699-1, 72827-1, 66713-1 og 16082-1. Avstanden til planområdet er ca. 1.500 m. I motsett retning, nordover, ligg Barmahaugane busetnings- /aktivitetsområde frå steinalderen, ID 160335-1, ca. 1.700 m nordvest for utbyggingsområdet.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Fagkunnig har gjennomført ROS-analyse. Det er ingen tiltak i raudt felt, dvs. ingen tiltak er naudsynt. ROS-analysen er likvell ikkje oppdatert etter høyring og offentleg ettersyn. Tema som kvikkleire, ekstremvær, beredskap osv. er ikkje teke med i ROS-analysen. ROS-analysen bør oppdaterast.

Folkehelse:

Utbygging av naust vil gi fleire moglegheiter for brukarane, noko som har ein positiv effekt på folkehelsa deira. Samstundes vil utbygging verke privatiserande.

Gjennom føresegnene i planen vil det bli lagt til rette for fri ferdsel i området, og det vil ikkje vere tillate å setje opp stengsler som hindrar tilkomst. Den mellombelse anleggsvegen skal etter endt anleggsperiode etablerast som tursti.

Alvsvågsvatnet, som ligg like ovanfor planområdet, er ein populær badeplass for born og ungdom i nærområdet om sommaren. Viser til vurderingar gjort lengre oppe i samband med parkeringsplassen.

Konklusjon

Kommunedirektøren rår til at planforslaget ikkje blir sendt vidare til ny høyring på det noverande tidspunktet. Trass i at planen er oppdatert etter høyringa i 2018 og endringar er gjort for å imøtekomme motsegna frå Statsforvaltaren, vurderer kommunen at det framleis er vesentlege utfordringar knytt til utbyggingsløysinga, arealføremål, blågrønnstruktur, parkering og manglande massebalanseplan. Desse forholda reiser spørsmål om planen er i tråd med intensjonane i kommuneplanen og gjeldande retningslinjer for arealbruk.

Kommunedirektøren tilrår difor at planforslaget blir sendt tilbake til forslagsstillar for utbetring og vidare bearbeiding, før det eventuelt blir lagt fram for ny avgrensa høyring. Utbetringane bør særleg omfatte reduksjon av utfylling i sjø, tilpassing til gjeldande arealføremål, styrking av blågrønnstruktur, betre løysingar for parkering og trafikksikkerheit, samt utarbeiding av ein massebalanseplan.

Dersom ein politisk er usamd i dei faglege vurderingane som er gjort, kan saka leggast ut på ei avgrensa høyring. Forslag til innstilling vert då:

> Bømlo kommune vedtek at revidert framlegg til reguleringsplan for Pøyla naustområde 110/329 m.fl. Alvsvåg, PlanID 201705 vert sendt på avgrensa høyring jf. plan – og bygningslova §§12-10 og 12-11.

Vedlegg til saka:

Plankart

Føresegner

Føresegner med endringar

Planomtale

ROS-analyse

Illustrasjon

Merknader

VA-plan

Funksjonell strandsonekartlegging

Notat med oversikt over endringar

Brev frå Statsforvaltar med trekking av motsegn

Merknadsskjema